

## Korleis verkar ein bakterie?

Tenk deg at du sette deg ved frukostbordet og begynte å ete. Så begynte det å skje merkelege ting med kroppen din. Ting begynte å doble seg. To ekstra øyro, 20 tær og to hovud? Snart var du blitt din eigen bror. Dei neste timane blei du berre fleire og fleire, og neste morgon var du blitt like mange som befolkninga på jorda. Det er det som skjer dersom bakteriar får ete så mykje dei orkar.

### Sin eigen kopimaskin

Bakteriar har ingen foreldre. Dei kjem frå seg sjølve. Ein vaksen bakterie får to av alt. Så deler han seg i to. Dette kan gå veldig fort. Ein bakterie kan gå frå nyfødd til bestefar på 40 minutt.

### Bakterie eller virus?

Eit virus er mykje mindre enn ein bakterie. Om vinteren, når vi blir sjuke og ikkje orkar å gå på skulen, er det ofte eit virus som har skulda. Viruset formeirar seg, og når dei er mange nok, begynner kroppen å merke at noko er gale.

Sjukdom er ikkje berre dumt. Etter eit virusåtak ligg det stoff igjen i kroppen som gjer at vi er verna mot sjukdom seinare.

### Krigarar i blodet

Vi har også kvite blodceller som forsvarer oss mot sjukdommar. Når blodcellene skal stoppe eit åtak, drep dei framande ved å erte dei eller sprøyte antistoff på dei. Antistoff er protein som kroppen lagar for å kjempe ned infeksjon.

### Oppgåver:

Sjå Elevbok 6A side 222.  
Gjer oppgåvene 1–7 og 9.

